

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:**       **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**  
                  **nasjonalparkstyre**

**Møtested:**   E-postbehandling

**Dato:**        02.08.2017

**Tidspunkt:**

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på e-post til [fmopmsn@fylkesmannen.no](mailto:fmopmsn@fylkesmannen.no)  
Vararepresentant deltek etter nærare beskjed.

Det har kome ein søknad med kort frist og ein med litt lenger frist, men før neste styremøte. Det er derfor lagt opp til felles e-postbehandling. Arbeidsutvalet avgjer sjølve om dei vil ta opp sakene til behandling på så kort varsel.



## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 11/2017	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 12/2017	Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming til tv-serie om familieekspedisjon - Strix		2017/4826
ST 13/2017	Sak - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av drone til filming ved Vettisfossen - HaughomFoto		2017/4656

Arkivsaksnr: 2017/4826-2

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 02.08.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	12/2017	02.08.2017

## Sak - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming til tv-serie om familieekspedisjon - Strix

### Forvaltar si innstilling

Søknad om flyging med drone krev behandling etter § 4 i verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark og naturmangfaldlovas § 48. Her er det krav om at tiltaket «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Det vert vurdert at presedensverknaden av å opne for filming til ein underhaldningsserie på tv kan bli så stor at denne typen oppdrag på sikt vil påvirke verneverdiane, jf. Naturmangfaldslova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova skal vurderast strengt, og §48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernet. Søknaden vert derfor avslege.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 24.07.17 frå Strix

Strix søker om å få bruke drone med filmkamera i Jotunheimen nasjonalpark i samband med opptak av tv-serie. Utdrag av søknaden:

*«Produksjonsselskapet Strix er i gang med å lage en ny reality serie for NRK. I den sammenhengen ønsker vi å bruke droner.*

*Her er litt informasjon om hvor vi vil filme, hva, når og litt info om programmet.*

*«Familieekspedisjonen- en måned ute», er en konkurransedrevet realityserie hvor tre familier kjemper om å mestre naturen, tilegne seg turegenskaper, samarbeide og bli bedre kjent med seg selv og sin familie. Programmet skal vises på tv våren 2018.*

*Familiene skal gå turer alene, samlet eller delt i andre grupperinger. Dette ut i fra terreng, og turens tema. Vi forteller historier om tre familier på tur, men vel så viktig historier om 12 mennesker. Alle har de individuelle opplevelser, og alle feiler og mestrer de på et personlig plan.*

*I denne serien blir ingen stemt ut og alle familiene deltar hele veien til topps! Hver uke vinner en av familiene en fordel, og denne vil vi se de kjempe for, men det er først i finaleuken at tre blir til to. Den familien som står igjen etter en storslått finale og som har tilegnet seg mest kunnskap underveis vinner tidenes turopplevelse!*

*Vi ønsker å få en løyve til å bruke drone. Deltagerne og foto teamet skal gå fra krossbu opptil smørstadbreen, overnatte og så tilbake. Dette vil foregå i datoene mellom den 24.08 og 26.08.*

*Neste tur, hvor vi ønsker også å bruke drone, starter i Leirdal så går de til porten, så videre til Galdhøpiggen og ned til juvass..»*

## Vurdering

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Jotunheimen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er

«*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep. - - -*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- - - - -

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

## Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova  
Dette er ein ny sakstype, men det er dei siste par åra behandla ganske mange slike saker i norske nasjonalparker. Fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Droneflyging er eit framandelement i verneområde og nasjonalparkstyret har derfor samanlikna effektane av droneflyging med motorferdsel. Dersom tiltaket ville kunne få løyve til bruk av helikopter for filming, er bruk av drone ein teknikk som gjev mindre negative effektar og har derfor fått løyve. Då er sårbarheita til området, tidsrommet og formålet med tiltaket viktig i vurderinga.

Smørstabbreen og Galdhøpiggen ligg er ei såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:  
*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern» (§8 i nml.).*

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Tidsrommet for filminga er på ettersomaren og då har hekkande fugl reist frå reiret. Dermed er sannsynet for unødvendig forstyrring mindre (§9 i nml.)

Det er stor ferdsel til både Smørstabbreen og Galdhøpiggen og det er lite problematisk i høve til vernet at desse områda blir framheva gjennom filming. Men talet på søknadar om droneflyging har auka monaleg dei siste åra og løyve til filming i samband med reklameoppdrag vil ha presedensverknader for tilsvarande oppdrag (§10 i nml). I utkastet til forvaltningsplan frå 2008 er det i retningslinene for motorferdsel heiter det:

*«løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervisning som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmar o.l....»*

Det er ikkje lett å skilje mellom opplæring/undervisning/marknadsføring av området og underhaldning. Konkurranseselementet i dette prosjektet er heilt klart underhaldningselement. Familie på tur har eit element av opplæring, men fokus til prosjektet er historiane til familiane og dei einskilde deltakarane si utvikling, ikkje verneområdet. Aktiviteten kan derfor like gjerne bli lagt utanfor verneområdet.

Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder». Det er berre bruk av drone som er regulert og ikkje filming.

## **Konklusjon**

Ut ifrå føringane i forvaltningsplanen skal underhaldningsfilming leggst utanfor verneområdet. Det er derfor vurdert å tilrå avslag på søknad om dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande. Det er mogleg å formidle innhaldet i denne konkurransen utan å bruke drone innan eit naturvernområde.

Arkivsaksnr: 2017/4656-3

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 02.08.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	13/2017	02.08.2017

## Sak - Utladalen landskapsvernområde - Bruk av drone til filming ved Vettisfossen - HaughomFoto

### Forvaltar si innstilling

Søknad om flyging med drone krev behandling etter § 4 i verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde og naturmangfaldlovas § 48. Her er det krav om at tiltaket «ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig». Eitt enkelt tiltak vil ikkje påverke verneverdiane nevneverdig, men det er mange potensielle søkjarar til denne typen filming, og ein dispensasjon vil vera uheldig av omsyn til naturmangfaldslova §10 om økosystemtilnærming og samla belastning. Det vert vurdert at presedensverknaden ved å opne for reine reklameoppdrag på sikt vil medføre ei utholing av reglane i verneforskrifta. Søknaden vert derfor avslege.

### Saksopplysningar

Saksdokument:

- Søknad ved e-post 01.08.17 frå HaughomFoto

Haughomfoto søker om å få bruke drone med filmkamera i Utladalen i samband med filmopptak av Vettisfossen. Utdrag av søknaden:

*«Jeg har fått i oppdrag fra NAF Veihjelp å lage en promoteringsvideo for deres nye veibok som kommer ut i 2018. Se vedlegg for kommunikasjon med Markedsansvarlig i NAF, Christian Bjøntegaard. Jeg søker med dette om tillatelse til å filme fossen i Utladalen, Vettisfossen.*

*Filmingen:*

*Dronen relativt liten (Phantom 4) og den vil ikke kunne høres grunnet lyden av fossen. Jeg skal prøve å filme på kvelden eller morgenen, slik at det ikke er andre folk der. Dersom det eventuelt er mennesker i området spør jeg alltid om det er greit at jeg filmer.*



*Tid:*

*Jeg må se været litt an, men ønsker å filme fra og med førstkommande helg (Fredag, 04.08.17 og ca to uker frem i tid, for å være sikker på å få gjøre det en dag det er fint vær). Selv om tidsperioden er nokså lang vil jeg kun filme en dag.»*

Som vedlegg til søknaden ligg skildring av oppdraget frå NAF veihjelp. Her går det fram at filminga skal brukast som del av ein sommarkampanje med fokus på fine utsiktspunkt

## **Vurdering**

Søknaden blir vurdert etter:

- Forskrift for Utladalen landskapsvernområde
- Naturmangfaldlova – NML (kap. II om bærekraft og V områdevern)
- Forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen (utkast 2008)

### Forskrift og lovverk

Verneforskrifta § 3 pkt. 7.2 om støy har forbod mot bruk av «modellfly og liknande» i nasjonalparken. Det er rimeleg å tolke at «og liknande» omfattar dronar. Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

Naturmangfaldlova § 48 set svært strenge krav til når ein dispensasjon eventuelt kan vurderast, men opnar for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylt. Unntak kan også vurderast «*dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig*». Dispensasjon må heller ikkje gjevast om vilkåra er oppfylt. Skjønn og instruksar frå overordna styremakter spelar også inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjeve i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av landskapsvernområde er

*«Formålet med landskapsvernområdet er å ta vare på eit vilt og vakkert vestlandslandskap med økologisk verdi, kulturell verdi og opplevingsverdi og som er identitetsskapande, i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark.*

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *eit naturområde med eit rikt dyre- og planteliv som pregar dette.*
- *eit eigenarta, ope og vakkert natur- og kulturlandskap med høg fjell, brear og geologiske avsetningar, der kulturlandskapet med beitebruk, gards- og stølsbygningar og kulturminne utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*
- *naturmangfald som pregar landskapet med naturtypar frå lågland, dalar og skogslie til høg fjell og artar knytte til desse.*
- *særprega vassdragsnatur og landskapsformer.*

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging..»*

### Forvaltningsplan

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 gjev ikkje føringar for bruk av dronar, ettersom det var ein lite kjent teknologi da planen vart utarbeidd. Reglar for bruk av «modellfly og liknande» kom inn i verneforskrifta ved revisjonen i 2014, så denne typen luftfartøy er ikkje omtala i dokumentet frå 2008.

Tiltaket vurdert i høve til verneformål og miljørettslege prinsipp i naturmangfaldlova  
Dette er ein ny sakstype, men det er dei siste par åra behandla ganske mange slike saker i norske nasjonalparker. Fleire er innvilga, men med visse avgrensingar av område og tidsrom. Dei innvilga sakene er i stor grad knytt til ymse former for dokumentasjon som kartlegging eller naturfilming, der det er sett ymse vilkår knytt til dyreliv og vilkår om å unngå flyging i helg pga. friluftsliv.

Droneflyging er eit framandelement i verneområde og nasjonalparkstyret har derfor samanlikna effektane av droneflyging med motorferdsel. Dersom tiltaket ville kunne få løyve til bruk av helikopter for filming, er bruk av drone ein teknikk som gjev mindre negative effektar og har derfor fått løyve. Då er sårbarheita til området, tidsrommet og formålet med tiltaket viktig i vurderinga.

Utladalen er ei såkalla «brukssone» i det rettleiande utkastet til forvaltningsplan frå 2008. Om desse sonene står m.a.:

*«Det er store naturkvalitetar i områda med brukssone. Det er eit mål å ta vare på desse samstundes som områda vert brukt, ikkje minst for friluftsliv. Retningslinjer og tiltak tek sikte på å finne den optimale balansen mellom bruk og vern» (§8 i nml.).*

Ein elektrisk drone er knapt høyrbar på litt avstand, så ut frå støyomsyn er tiltaket lite problematisk. Dersom ein unngår nærføring mot sårbare viltbiotopar som rovfuglreir og held generelt god avstand til vilt som oppheld seg i området, vil bruk av drone truleg ha relativt liten direkte innverknad på dei biologiske verneverdiane. Tidsrommet for filminga er på ettersomaren og då har hekkande fugl reist frå reiret. Dermed er sannsynet for unødvendig forstyrring mindre (§9 i nml.)

Det er stor ferdsel til Vettisfossen og det er lite problematisk i høve til vernet at desse områda blir framheva gjennom filming. Men talet på søknadar om droneflyging har auka monaleg dei siste åra og løyve til filming i samband med reklameoppdrag vil ha presedensverknader for tilsvarande oppdrag (§10 i nml). I utkastet til forvaltningsplan frå 2008 er det i retningslinene for motorferdsel heiter det:

*«Løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med vernet, som til dømes opplysningsfilmar med opplæring/undervising som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda...»*

Sjølv om tiltaket er ein del av ein generell presentasjon av flotte utsiktspunkt, er dette eit reklameoppdrag. Filming av Vettisfossen kan ikkje leggjast utanfor verneområdet, men ved val av norske utsiktspunkt kan ein finne alternativ utanfor. Veggen innover mot Vetti er heller ikkje open for allmenn ferdsel med bil, slik at ein reklame knytt til ei vegbok like gjerne kan leggjast utanom verneområdet.

Tiltaket medfører ikkje miljøforringing, og nml § 11 blir såleis ikkje vurdert som relevant. § 12 gjev føringar om «miljøforsvarlige teknikker og driftsmetoder». Det er berre bruk av drone som er regulert og ikkje filming.

## **Konklusjon**

Ut ifrå føringane i forvaltningsplanen skal reklamefilming leggst utanfor verneområdet. Det er derfor vurdert å tilrå avslag på søknad om dispensasjon frå nasjonalparkforskrifta sitt forbod mot bruk av modellfly og liknande.